



Lesja kommune



Dovre kommune

TILBOD I LESJA OG DOVRE KULTURSKOLE



2018 – 2019

TILBOD I LESJA OG DOVRE KULTURSKOLE I SKULEÅRET 2018-2019

VELKOME TIL LESJA OG DOVRE KULTURSKULE

Undervisninga i kulturskolen er organisert som individuell undervisning eller gruppeundervisning. Undervisningsformane vil vere varierende. For mange av tilboda vil det vere eit komprimert skuleår, der undervisninga vil vere ein blanding av veker undervisning og helgeseminar.

Undervisning i musikkinstrument

Elevar på instrument får arbeide med musikk innan ulike sjangrar. Elevane lærer både notespill, gehørspill og improvisasjon. Undervisninga er organisert som individuell undervisning eller i små grupper.

Undervisning i større grupper

Nokre av våre tilbod organiserast som gruppeundervisning, t.d. visuell karusell og dans. Ved å arbeide med desse kunstforma i gruppe lærer eleven seg å samarbeide med andre i ulike kunstuttrykk, samtidig som ein utviklar seg individuelt. Tilboda som er basert på gruppeundervisning er avhengig av mange søkarar. Mobiliser gjerne andre i ditt nærmiljø eller ved din skule til å søke plass hos oss.

PIANO

Individuell undervisning.

GITAR

Gruppe/individuell undervisning. Komprimert semester, undervisningen vil vere ein blanding av veker undervisning og helgeseminar.

SLAGVERK

Individuell undervisning. Komprimert semester, undervisningen vil vere ein blanding av veker undervisning og helgeseminar.

BAND FRÅ 5. TRINN

Eit samspill tilbod, innan instrumenta; gitar, bass, keyboard, trommer og song. Komprimert semester, undervisningen vil vere ein blanding av veker undervisning og helgeseminar.

DANS FRÅ 2. TRINN

Dans i Sfo tid på Dovre 2. – 4. trinn.

Organisert som gruppe, 1 time på onsdagar. Undervisningsstad; Dovre samfunnshus.

DANS FRÅ 2. TRINN- VGS.

Organisert i grupper etter alder. Undervisninga vil vere på tysdag. Undervisningsstad; Lesja

VISUELL KARUSELL FRÅ 3. TRINN

Eit tilbod som inneheld ulike formingsaktivitetar.

Komprimert semester, undervisningen vil vere helgeseminar.

Undervisningsstad; Dombås

LYDTEKNIKK FRÅ 5. TRINN

Gruppe/individuell undervisning.

Komprimert semester. Innføring i det å jobbe med opptak og redigering av lyd i eit lydstudio. Året avsluttast med å vere med under innspeling av årets kulturskule-CD. Undervisningsstad: Dombås.

LÅTSKRIVING

For vidarekomne. Må kunne spele gitar eller keyboard/piano.

Gruppe/individuell undervisning. Innføring i grunnleggjande prinsipp for låt skriving. Målet for året er å jobbe fram ein eigen song og spele den inn i studio. Komprimerte semester, undervisning vil samlast i lengre økter gjennom året. Undervisningsstad; Dombås.

STUDIOINNSPILLING

For vidarekomne, må ha noen lunde ferdig materiale å spille inn.

Gruppe/individuell. Året blir brukt til å jobbe med arrangement og spille inn låtar. Undervisninga vil organiserast i komprimerte og lengre økter gjennom året. Undervisningsstad; Dombås

FILM FRÅ 7. TRINN

Gruppe/individuell undervisning. Opplæring i filming og videoredigering.

Komprimert semester. Undervisning vil samlast i lengre økter gjennom året. Undervisningsstad; Dombås.

FOLKEMUSIKK, FELE FRÅ 4. TRINN

Prosjektbasert tilbod, med planlagt oppstart frå januar 2019. Gruppeundervisning. Med atterhald om politisk godkjenning.

FOLKEMUSIKK, TORADAR FRÅ 4. TRINN

Prosjektbasert tilbod, med planlagt oppstart frå januar 2019. Gruppeundervisning. Med atterhald om politisk godkjenning.

(Med rett til endringar, enkelte aktivitetar er avhengig av eit visst elevtal)

BETALINGSSATSAR:

Individuell undervisning	kr pr. år 2.710,-
Gruppeundervisning.....	kr pr. år 2.710,-
Dans	kr pr. år 1.690,-
Leie av instrument.....	kr pr. år 300,-

SØKNADSFRIST 1.MAI 2018

PÅMELDING

Bruk elektronisk søknadsskjema på Dovre kommune si nettside, Søknadsskjema- Kulturskolen- søknad om inntak.

Trenger ein hjelp med søknaden ta kontakt, tlf. 61 24 22 50

1. Undervisninga følgjer skoleåret og skoleruta i kommunane. Oppstart Ca 2 veker etter grunnskolestart på hausten. Avslutning kan variere, ved grunnskoleslutt eller tidligare. Ved kortkurs/komprimerte tilbod gjelder andre reglar. Spesifisert ved opptak.
2. Kulturskolen leverer ut brosjyre med oversikt over tilbodet gjennom skulane til alle elevar i barne og ungdomsskolen. Saman med info om rutinar.
3. Påmelding på elektronisk skjema på Dovre kommune si heimeside. Fullstendig utfylt innan fristen. Faktureringsystemet krev person nr. til kundane. Søknadsadressa og adressa for mottak av post til elev må vera den same. Viktig med foresattes tlf.nr, for eventuelle meldingar.
4. Tildeling av elevplass skjer på vår/sommar. Skriftleg svar til elevane om opptak.
5. Meld frå til Kulturskolen innan fristen som blir oppgitt, om ikkje tildelt elevplass er ynskt nytta. Elever på venteliste får da tilbodet.
6. Elevar/foresatte har plikt til å melde frå om de blir borte frå undervisning. Ved stort umeldt fråvær kan tap av elevplass bli vurdert. Det krævast at eleven følgjer lærarens veiledning, øver og forbereder seg vel til timen, dette må til for å få ønska utvikling i faget.
7. Den som har hatt elevplass eitt /fleire år har denne plassen til det blir mottatt ein skriftlig utmelding. Frist for oppseiing for haustsemester er 1. mai og vårsemester er 1. desember.
8. Fakturering skjer ein gong i kvart semester. Ca nov. og mars/april. Satsar i følgje politisk vedtak.
9. Dersom det fastsette beløpet ikkje blir innbetalt innan fristen blir det sendt ut purring. Etter 1.gangs purring, varsel om tap av elevplass.
10. Kommunekassa sender melding om uteståande /kopi av purring til Kulturskolen. Kulturskolen sender ut varsel om tap av elevplass. Med verknad frå 2. uke etter varsel om tap av plass.
11. Ved tap av elevplass på grunn av manglande betaling, blir det ikkje tildelt elevplass ved neste søknadsrunde. Men det kan tildelast ny elevplass ved opptak deretter, dersom uteståande beløp blir betalt.